

# Fra lokalsamfunn til sted?

Betraktningar om to viktige ord i samfunnsanalyse og politikk

Nils Aarsæther  
Institutt for planlegging og lokalsamfunnsforskning  
Universitetet i Tromsø

Basert på foredrag ved Melbuseminaret 5. juli 2008

Ordet “Lokalsamfunn” er sett saman av to ord, “lokal” som betyr eit geografisk område, og “samfunn” som betyr at folk som bur der har noko til felles.

Ordet “Sted” betyr eit geografisk område, til vanleg vil det vere eit område der det bur folk – men sjølve ordet seier ingen ting om at dei som bur der, har noko til felles.

Eit spørsmål som vi stiller oss i dag, er om ordet “sted” er meir treffande som beteikning på det vi ser av busetting kring oss, enn “lokalsamfunn”? Svaret på det er både ja og nei. Melbu, for eksempel, vil kunne omtalast som både “sted” og som “lokalsamfunn” – så korfor har vi fått denne dreinga, frå å snakke om “lokalsamfunn”, til å snakke om “sted”?

Eit argument er at “Sted” er meir nøytralt. Det kan forsåvidt vere folketomt, og til og med fråflytta Syltefjord og Hjelmsøya i Finnmark er stadig vekk omtala som “steder”. Men desse har, som følge av avfolkinga, opphøyr å vere “lokalsamfunn”. Eit lokalsamfunn er altså ikkje tenkeleg utan folk. Men det avgjerande skiljet mellom lokalsamfunn og sted er at når vi talar om sted, så er det i utgangspunktet eit ord som er reinsa, så å seie, for alle sosiale eigenskapar. På eit sted kan alt skje: Folk kan kjenne kvarandre, men dei kan hate kvarandre eller opptre som om dei var heilt framande for kvarandre. Stedet kan vere stabilt, eller sterkt i endring, for eksempel prega av gjennomtrekk om mange flyttar hyppig inn og ut.

Stedsordet assosierer vel dei fleste meir i retning av bygningar og natur, enn i retning av folk. “Ålesund er ein fin by”, seier mange som har vore der. Men du kan gå gjennom gatene i denne byen utan å treffe eit einaste menneske. Du ser mange særprega, godt vedlikehaldne, 100 år gamle bygningar i Jugend-stil kring deg, og tenker at Ålesund er eit fint sted... Så ved å snakke sted risikerer vi å misse det sosiale, men ordet utelukkar ikkje i seg sjøl verken folk og samfunnsliv.

Når vi i litt mindre grad enn før brukar ordet “lokalsamfunn”, så kjem det for det første av at dette ordet vekker så mange feile assosiasjonar. Mange har trudd at lokalsamfunnet betyr det tette, varme samfunnet der alle bryr seg om kvarandre. Det blir sjølvstakt heilt feil. Men ein slik bruk av ordet fell så godt inn i den tenkemåten som hevdar at “før-var-alt-betre” – utan at dette er noko argument for å halde fast ved bruken av ordet.

For det andre assosierer folk “lokalsamfunnet” med Ottar Brox si beskriving av fiskarbondetilveret Nord-Norge, ei livsform som prega busettinga store delar av landsdelen fram til omlag 1960, då ein svært stor del av Nord-Norge si befolkning stadig

vekk livnærte seg ved å kombinere jordbruk og fiske – etter kvart også som ein følgje av statleg støtte til båtkjøp og nyrydding.

For det tredje vil mange fortsatt meine at “lokalsamfunnet” dreier seg om bygdelig, og ikkje om livet i byar, bydelar og tettsteder. Lokalsamfunnet er nok for mange opplevd som noko grønt og idyllisk. Slår ein opp i eit leksikon, får ein gjerne forsterka ei slik oppfatning:

The central idea, either expressed or rejected, is that local community has been in decline, if not lost, in our contemporary life.(Wikipedia)

For det fjerde vil mange meine at lokalsamfunnet er eit lite samfunn utan “hode” – at det ikkje har noko styringsorgan, slik som ein kommune eller eit bydelsutval. Dette blir også feil.

For det femte vil mange tenke at lokalsamfunnet er eit stilleståande og sjølvberga samfunn. Det er eit samfunn som i liten grad er forbunde med, eller påvirka av omverda. Den moderne versjonen av dette synet er “lokalsamfunnet” i konstant forsvarskamp mot det inntrengande “storsamfunnet”. Dette blir også feil. Ingen samfunn er i dag sjølvberga og isolert; og “storsamfunnet” er jo gjerne den instansen som held hjula i gang lokalt, gjennom utbetaling av pensjonar, trygder og statlege overføringar til kommunebudsjetta.

Så uansett om vi snakkar om “lokalsamfunn” eller “sted” i dag må vi ta inn over oss følgjande:

- Det kan vere befolka også med menneske som ikkje kjenner eller bryr seg om kvarandre
- Det kan vere befolka også av finansmeklarar og bildekunstnarar
- Det kan eksistere i tettaste storbyen
- Det kan vere styrt av eit folkevald organ
- Det kan vere prega av mobile folk, som stadig er på veg inn og ut
- Det kan vere prega av næringsmessig omstilling, og vere heilt utan innslag av primærnæringar

Så kan vi seie at ettersom ordet “lokalsamfunnet” dessverre ofte blir misoppfatta, så bør vi slutte å bruke dette ordet? Men korleis får vi då gjort synleg dei viktige sosiale eigenskapane ved eit ”sted”? Det er jo eit problem at ordet “sted” i seg sjøl blir eit for ”kort” ord, for det inviterer ikkje til refleksjon over samspelet mellom det sosiale, politiske, det kulturelle og med naturen og ressursgrunnlaget. Men treng vi eit nytt ord? Mitt svar er nei, vi kan fortsatt kome langt om vi er i stand til å få fram kva vi legg i det, når vi nyttar ord som “sted” og “lokalsamfunn”. Det gir for eksempel stadig vekk god mening å seie at “No har dette *stedet* fått større preg av å vere eit *lokalsamfunn*”.

## Utfordringa

Den store utfordringa ligg imidlertid i spørsmålet om både “sted” og “lokalsamfunn”, forstått som mindre, geografiske område der det bur folk, treng vår oppmerksamheit i dag. Kanskje vi

kan legge denne tenkemåten til sides og i staden snakke om kommunar og regionar, og utover det, halde oss til ord som individ, familiar, foreiningar, institusjonar og bedrifter – som alle kan vere meir eller mindre mobile?

Eit positivt svar på dette spørsmålet vil basere seg på eit resonnement som er forankra i *modernismen* si oppfatning av samfunnsliv: Over ei lang tid har stadig behov blitt dekt og oppgåver løyst ved at det blir oppretta spesialiserte institusjonar eller organ for å ivareta desse. Familien er snart tømt for oppgåver. Kommunen framtrer i dette perspektivet ikkje som ein samlande institusjon, men som forvaltar av eit knippe av inndelte servicefunksjonar; søppel for seg, kultur for seg, skole for seg, veg for seg osv.

Stedet der folk bur er kanskje blitt til utgangspunktet for ei bilreise til arbeidsplassar mange kilometer unna, til servicetilbod som ikkje finst lokalt, og til kultur i form av underhaldning og opplevingar. Alternativt får ein dekt kulturelle behov ikkje i lokalsamfunnet som arena, men heime, på TV- og PC-skjermene. Og det er ikkje berre bil- og båtreiser det dreier seg om i dag; det er ikkje uvanleg å dra til store konsertbegivenheiter ved bruk av flytransport. Så gjennom fritida kan ein hoppe over lokale arrangement til fordel for livet på hytta (bilreise) eller ved fly.

Og folk flyttar meir hyppig enn før; avhengig av ”alderens behov” startar i dag mange med ei lita leilighet, flyttar til ei større, er innom einebustad eller rekkehus, før ein i framskriden alder beveger seg mot den minste typen leilighet igjen. Desse bevegelsane skjer berre unntaksvis innafor same nabolag.

Viss vi tok den beskrivinga som ligg i desse resonnementa på alvor, burde vi kutte ut all stedsorientert politikk, og brukt offentlege pengar på tiltak som kunne gjere det mobile livet lettare å leve og halde ut for folk flest. Men for det første er det ikkje eit enten-eller. Det er ikkje slik at før i tida var alle ”stabile” mens no alle er blitt ”mobile”. Både før i tida, og no, er det grupper som er meir mobile enn andre. Aldersgruppe, klasse, inntekt, yrke, etnisk bakgrunn osv. virkar inn på betydningen av sted og lokalsamfunn for den enkelte. Stedet *kan* i dag, i samsvar med modernismen - og den moderne kapitalismens - krav til oppsplitting og mobilitet vere på veg ut. Men det er også mange tendensar som favoriserer og aktualiserer stedsliv og levedyktige lokalsamfunn i dag.

1. Fortsatt lever venstre-populismen som politisk ideologi og kulturell kraft. Dette er den politiske tenkemåten som framhever folkemakt gjennom desentralisering, ein tenkemåte som går på tvers av dei politiske partia, og som hentar si næring frå blant anna to vellykka oppgjer om norsk EU-medlemskap, i 1972 og i 1994.
2. Teknologien spelar i større grad enn før på lag med lokal og desentral busetting. Uansett kor du befinn deg i dag, er sjansen stor for at du har tilgang til internett, epost og alle moglege TV-kanalar. Dermed er det også mogleg å skape arbeidsplassar og inntekter gjennom desentral lokalisering, på ein heilt anna måte enn berre for 20 år sidan. Dette potensialet er på ingen måtar tatt ut så langt.
3. Kostnader ved transport og reiser vil truleg auke. Den omfattande veksten i flyreiser for fritids – og ferieformål som vi har sett dei siste åra, vil heilt sikkert bli avdempa. Samtidig vil eldrebølgja også føre til at ein større andel av befolkninga vil ha redusert mobilitet.
4. Bydelsorganisering og organisering av lokalutval og bygdelag har vore i sterk vekst. Det gir seg uttrykk både i festivalar og i politisk arbeid for å utvikle fellesløysingar for folk i nærområdet. Og felles innsats opnar for meir fellesskap og større interesse for

det som skjer lokalt. Særleg bydelsorganisering har gitt større bredde til steds- og lokalsamfunnstenkinga.

5. Klimaspørsmålet og Lokal Agenda A21 peikar også i retning av stedsorientert politikk. Det er ikkje berre (snart) dyrare å reise, der er også klimapolitisk betenkeleg med mykje bruk av energi og store utslepp frå vare- og persontransport. Lokal Agenda 21 var ein kampanje og ein metode som hadde mykje godt i seg, for her var det lagt opp til å tenke den lokale utviklinga inn i ein global samanheng.
6. Stedstenking vil og styrkast gjennom reaksjonar på globaliseringa: Det at mange har ei oppfatning om at "alt flyt" har skapt grunnlag for ein mental mot-reaksjon. Folk vil gjerne ha nokre ankerfeste i tilveret, og eit godt lokalmiljø står høgt på lista over faktorar som reduserer angst og oppleving av isolasjon. Og eit godt lokalmiljø er ikkje noko du kan shoppe eller tru at du kan få "servert" på ei strand i Thailand.. Du må sjølv vere med på å skape det – og dermed vil du, kanskje ut frå heilt egoistiske motiv, vere med på å gjere livet og lokalsamfunnet betre også for andre.

Så konklusjonen her blir at trass i mange krefter som drar i retning av eit mobilt storby-liv, så er det mange grunnar til å hevde at lokalsamfunn og stedstenking så absolutt er liv laga. Den som måtte tvile på det, bør unne seg ein tur – for eksempel til Melbu...